

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 07.10.18

Vår ref. 957/18/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 15/194-
18/26722

Lindås kommune

E-mail

LINDÅS, SJURNESET – REGULERINGSPLAN 2. G, PLAN-ID 1263-201501.

Viser til brev av 31.08.18, med vedlegg, vedkomande ovan nemnde sak. Det kan dessverre sjå ut til at me ikkje har uttalt oss til 1. gangs høyringa.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Det same gjeld i høve bygging i kystsona.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemnd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

«Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.



Ein vil peike på at ein kan vere med på å gjere kystsona meir tilgjengeleg for andre ved m.a. å fjerne tau mellom land og bøyar bruk i samband med fortøyning av båt når fortøyningen ikkje er i bruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for ferdsel på sjøen.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Det vil seie at ein i kommuneplansamanheng skal ivareta både lokale, regionale og nasjonale interesser.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Sjurneset

Det blir her søkt om endring, på bakgrunn av motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland, i høve m.a. utfylling i sjø for bygging av utvida kaikront og to nye bustadtomtar.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert kaste- og låssetttingsplass i reguleringsområdet. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

I omsøkte tilfelle finn ein å kunne godta reguleringsplanen under føresetnad av at den ikkje kjem til hinder for fortsatt bruk av gjenverande fiskeområde i vågen. I den samanhengen må ein unngå lyssetting av sjøområdet.

Fiskarlaget Vest vil vise til at når ein seier ja til tiltak i ein kaste-/låssetttingsplass så krev ein at sokjar;brukar av området har ekstra forståing for bruk av gjenverande fiskeområde i vågen. Ein vil minne om at fisket/låssetting til tider òg kan føregå nattestid. Når det gjeld ferdsel (20 m) og fiske (100 m) ved steng viser ein til § 27 i Havressurslova. Ein må òg ha med seg at det kan samle seg fugl ved steng. Ein føreset at brukarane av området blir gjort merksam på dette.

Når det gjeld fylling i sjø føreset ein at botn ikkje er forureina, massane er reine og at ein unngår stein på botn utanfor kaiområdet. Det må òg vere mogeleg eventuelt å feste steng i kaien.

Ein forutset òg at det blir lagt til rette for at ein skal kunne ha eit miljøvenleg område.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Ein føreset at fiskeriinteressene blir godt ivaretatt i det vidare arbeidet.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo

Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Hordaland



Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygninger og anlegg

| | |
|-----|---|
| BFS | Bustader-frittliggende-småhus (1111) |
| BFF | Fritidsbusetnad-frittliggende (1121) |
| BFK | Rorbuer (1122) |
| BRE | Renovasjonsanlegg (1550) |
| BUN | Naust (1589) |

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

| | |
|-----|---------------------------------------|
| SV | Veg (2010) |
| SVG | Annan veggrunn - grøntareal (2019) |
| SK | Kai (2041) |
| SPA | Parkeringsplassar (2080) |

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

| | |
|---|---------------------|
| G | Grønstruktur (3001) |
|---|---------------------|

§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift

| | |
|----|-----------------------|
| LF | Friluftsformål (5130) |
|----|-----------------------|

§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone

| | |
|----|-------------------|
| VS | Småbåthamn (6230) |
|----|-------------------|

Friluftsområde i sjø og vassdrag
(6710)


VFV

§12-6 - Områder




Frisikt (140)

Linjesymbol



Grense for sikringssone


Planens begrensning




Formålsgrense



Regulert tomtgrense (1203)



Eiendomsgrense som skal oppheves (1204)




Byggegrense som inngår i planen (1211)



Betyggelse som omfatter fjernet (1214)



Bebyggelse som forutsettes fjernet (1215)



Frisiklinje (1222)



Regulert støttelinje (1228)



Måle og avstandslinje (1259)


Punktsymbolet



Avkjørsel - både inn og utkjøring (1242)




% - BRA = (n/m)% Prosent bruksareal (RpPaskript)



K+m.m.d Regulert kotehøgde (RpPaskript)



BH= k+m.d Byggehøyde (RpPaskript)



REGELERFORM (PAL §12-7 nr. 14)



Felles arealformål


BASISKART



Eigendomsgrænse



Eksisterende bustader





FISKERIDIREKTORATET

NORD FOKUS 055 82 700



Gjelsvikholmane

300m

Hodnaneset

Klumperholmane

Mosaynæs

Fiskerihavner

■ Fiskerihavner

Anløpskal fiskeri

■ Privat kai

■ Ukjent kai

■ Slipp/verksted

■ Bunkringsanlegg

■ Notbøteri

■ Mottaksanlegg - aktiv

■ Mottaksanlegg - nedlagt

■ Offentlig kai

Gytfelt torsk MB

■ Gytfelt torsk MB

Gytemråder

■ Gytemråde

Oppvekst - beiteområde

■ Oppvekst - beiteområde

Fiskeplasser - Aktive redskap

■ Fiskeplass - aktive redskap

Fiskeplasser - Passive redskap

■ Fiskeplasser - passive redskap

Rekefelt - Aktive redskap

■ Fiskeplass - aktive redskap

Låssettingsplasser

■ Låssettingsplasser

Skjellforekomst

■ Skjellforekomst


Ålegrasenger

■ A - områder

■ B - områder

■ C - områder

+ N60.66486, Ø5.35022





FISKERIDIREKTORATET

N60.68862, Ø5.38793 +



19.3

60m

Havnen



4

36.3

3

5

40

30

Elsvika

Sjurneset

Hosopsgen

Langholmen

6

Horlandsvika

Stortholmen

39.4

34.9

Fiskeridirektoratet og ND-parter

+ N60.68161, Ø5.38082